Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. Fylke: Aust. Agder.

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Tovdal

Emne: Heimebrygging Bygdelag: — " —

Oppskr. av: Terjei B. Ramse Gard: Livold, Ramse

(adresse): Ramse G.nr. 11. Br.nr. 7.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Nei

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Oppskrivinga er etter mi mor Anne T. Ramse 75 år som har brukt det.

SVAR

1. Maltet vart bløytt i sekk, „3 dagar i bekken, 3 dagar i sekken og 3 dagar på kvar side på golvet". Altso måtte det bløytast, so stå i sekken til det grodde, so turkast langsomt til det var passe grodd, når ein tok ein neve malt skulle det vera minst 3 groar store som nebbet på ein turr. Deretter måtte det turkast på badstova til det var hart. Deretter måtte det på kverna og gröypast.

2. Deretter måtte ein koka einervatn som måtte vera gul. Einervatnet vert so aust over i eit kjerald som heiter „møyskret". Deretter auser ein maltet oppi og rörer med „møyskreråna"; ein rörer maltet til det er godt gjennombløytt det skal då vera so votn at møyskreråna ikkje kan stå i møyskret. Deretter har ein over eit klesplagg og det stör slik i 6. timar.

3. So tek vi eit kjerald som heiter „rostekjerel". Dette kjerald har eit hol i botnen som er rundt. I dette holet set ein „toppa". So spikkar ein fliser av or, tvo lag over botnen som vert lagt på kryss. So legg vi einer over, 2 store kvistar, so hakkar vi einer smått rundt, so maltet ikkje renn igjenom. Dette tener som sil.

Deretter auser vi møyskret over i rostekjerel

14059

21



når det har stade ei stund rir vi i toppa
og ølet renn so med hobl og opp i eit kjerald
av eit eller anna slag, her vart ikkje brukt
noko serskild.
No må ein ha ei gryte med einelåg (varmt.)
Når det har runne ei stund gjenom toppa
auser ein einelåg opp i rostekjeut, dette held
ein på med til ølet er posse, eller eine ikkje
vil hava meir.

4. So har ein ølet opp i ei gryte og kokar det
saman med humle (ca 1 times kok.)
Deretter set vi humlesilen over „møyskutjerel"
som vart nytta som gangkjerald. I humlesilen
legg vi einekvister og over desse noko halm.
So auser vi ølet gjenom silen ned i møyskutjent

5. Gjera som vart brukt kallast kveik, denne vart
gøymd i „kveikstokken". Denne var ein trestokk
ca 30 cm lang ca 6–7 cm breid og ca 4 cm tykk
og med ein masse hol som var bora inn i den
frå alle kanter. Når kveikstokken hadde vore brukt
ein gong vart den hengt opp til tørk, og når
den var turr vart den gøymt til neste gang.

6. Kjenner ikkje til noko serleg som skulle gjerast
eller segjast utonom det som er sagt ovanfor.
Underjordiske kjenner vi ikkje til at stal noko.

14059

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING





Rostekjer.





botn med hol til loppa eller mågskuråna



Møgskrekjer eller gangkjer.



o mågskurån



hûmkril ovantil og frå sid

14059